



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Levekårsutvalet	
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	Kultur- og aktivitetseininga	Øyvind Stang
	Arkivnr.: 15/648	Klassering:

Bygdebok for Alversund sokn 1814 - 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Søknaden til arbeidsgruppa for bygdebok for Alversund sokn, vert stetta med kr.850.000. Av desse vil kr.285 333.- verte utbetalt i 2016. Midlane vert å henta frå «bygdebok & kulturminnefondet». Dei vert utbetalt når det foreligg ei justert finansieringsplan og framdriftsplan som tek høgde for totalramma på tilskotet frå Lindås kommune.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Levekårsutvalet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

I søknaden skriv arbeidsgruppa:

Alversund er no den einaste av sokna i Lindås kommune som ikkje har bygdebok for perioden etter 1814. I Hjelmtveit *Alenfit I* er soknet dekkja fram til 1814.

For tida etter 1814 ligg det føre tre utkast til manus for Alversund sokn:

- Uferdig utkast til manus frå Nils Hodnesdal m.fl., 1814 – ca. 1975.
- Hermann Kahrs Sellevold gjorde eit stort arbeid med eit svært breitt grunnlag for bygdebok fram til om lag 1970. Dette arbeidet er uredigert og heller ikkje ferdigstilt, men ordna og trykt opp om lag slik det låg føre då Sellevold gjekk bort i 1982.
- I seinare år har Ragnvald Seim på eige initiativ gjort eit stort innsamlingsarbeid på reine persondata fram til ca. 1990, som slik sett representerer det sist oppdaterte materialet.

Fondsstyret for bygdebok for Alenfit skipreide saman med Inge Alver, som representant for Hermann Kahrs Sellevoll og Ragnvald Seim sitt materiale, har hausten 2014 gjort ei vurdering av desse tre kjeldene og konkludert med at dei til saman utgjer eit breitt grunnlag for utarbeiding av bygdebok, i alle fall for tida fram til om lag 1970. Utgangspunktet og føresetnadene for å laga denne bygdeboka er såleis lagt.

Gruppa har no organisert seg som ei arbeidsgruppe for arbeidet.

Ut frå samanlikning med tilsvarende bygdebøker og det at Alversund er ei av dei mest komplekse bygdene i regionen med stor ut- og innflytting og eit mangfeldt næringsliv i tidlegare tider, så reknar me med heller høge kostnader både for datainnsamling og redaktørarbeid.

Vurdering

Ein bygdebok for Alversund si nyere historie har vore etterspurd av innbyggjarar i området. For kommunen er det og viktig å sikre seg at informasjon om denne delen av historien vert sikra for ettertida. Som det står i søknaden så er det allereie lagt ned eit stor stykke arbeid i form av frivillig arbeid. Med tre utarbeidde utkast til manus ligg det godt til rette for å gjere ferdig eit band IV for bygdeboka Alenfit.

Lindås kommune sitt «kultur og bygdebokfond» er per i dag på kr. 890 000. Dette er altså dei midlane som er avsett og til rådvelde for bygdebokformål i budsjettet. Bygdebokenmda til bygdeboka for Lindåsbygda fekk ferdig siste bind i 2009. Dei mottok kr. 820 000.- i tilskot frå Lindås kommune i perioden 2007 – 09. Rådmannen innstiller difor på eit tilskot med ein totalramme på kr. 850 000.- til ny bygdebok for Alversund. Av desse vil kr.285 333.- verte utbetalt i 2016, jamfør søknad. Midlane vert utbetalt når det forelegg ei justert finansieringsplan og framdriftsplan som tek høgde for totalramma på tilskotet frå Lindås kommune.

.....

Vedlagte saksdokument:

Søknad om finansiering - Bygdebok for Alversund	43167	17.11.2015
Bygdebok tillegg til søknad	86890	17.11.2015
Vurdering av tidsbruk av innsamla materiale	86891	17.11.2015
Søknad om stønad og garanti for utvikling av bygdebok for Alversund (L)(122522)	86961	17.11.2015

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost